



# NAUSTDAL KOMMUNE

## PLAN OG LANDBRUK

Sogn og Fjordane Fylkeskommune  
Askedalen 2  
6863 Lekanger

**Sakshandsamar:**

Harald Eikenes

**Telefon:**

57 81 61 25

**Vår ref.**

HE/18/100-5/GBR - 37/3

**Dykkar ref.****Dato:**

11.05.2018


### Naust med fritidshus over- gbr 37/3- dispensasjon, sak til høyring

Arkitekt Jan Ludvig Hundvebakke søker dispensasjon frå plan- og bygningslova § 1-8, og frå føresegn i Kommunedelplan for Vevring, slik at det kan utviklast nytt naust med fritidshus over på same tuft som det står naust i dag. Hundvebakke søker på vegner av eigar Arne Underlid. Søknad med grunngjeving og teikningar ligg ved.

Tomta ligg i aktsemdområde for snøskred og steinsprang. Det kan ikkje bli gitt rammeløyve for bygg før det ligg føre fagrappport som dokumenterer tilfredsstillande tryggleik etter teknisk forskrift.

Kommunen finn det likevel rimeleg å handsame søknaden, under føresetnad at det kan dokumenterast tilfredsstillande tryggleik, slik at ein får sjekka ut om dispensasjon kan gjevast ut frå andre omsyn.

Bildet viser at tomte ligg i aktsemdsone etter NGI- kart.



Førebels vurdering er at saka om dispensasjon er noko utfordrande, med bakgrunn i at det skal etablerast fritidshus i strandkanten.

På andre sida ligg det føre plan for eit kompakt bygg, med avgrensing i plan som dagens naust. Det er truleg og rett at fritidsbygget vil vere lite til hinder for ferdsle i strandsona, ut frå plasseringa naustet har. Satsing for utvikling av reiselivsnæring i området bør ha eit godt potensiale.

Vi ber om uttale snarast råd, i håp om at det kan vere mogleg å få saka handsama ferdig før ferietida.

Med helsing

Harald Eikenes  
Seksjonsleiar landbruk og plan

<b>Dok.dato</b>	<b>Tittel</b>	<b>Dok.ID</b>
11.05.2018	Søknad rammeløyve 37/3, dokumenter-	89886
11.05.2018	Søknad byggeløyve 37/3 Teikningar	89888

**Kopi til:**

Arne Underlid  
Skrifta og Veggen

**Mottakar:**

Fylkesmannen i Sogn og Fjordane  
NVE Region vest  
Sogn og Fjordane Fylkeskommune